



Gunnvor Soltveit
Bispengsgaten 3
5018 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2326 - 17/14831

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:
18.12.2017

Delingssak Gbnr 17/1 Rossnes - Ny grunneigedom for fritidsbustad - delingsløyve

Delegasjonssak nr.: 279/2017

Saksutgreiing:


Vi viser til dykkar søknad om deling, motteken 18.12.2017.

Heimelshavar

Gunnvor Soltveit.

Tiltak

Saka gjeld søknad om deling av tomt nr.3 innanfor reguleringsplan for Rossnes- PlanID: 12601982000200 og 12602014000800 (mindre reguleringsending).



Planstatus

Tomta er regulert til fritidsbustad.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Handsaming etter jordlova

Tiltaket krev ikkje handsaming etter jordlova.

Nabovarsling

Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

Andre styresmakter


Søknaden er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og treng ikkje høyring i høve til regionale styresmakter.

Vatn, avløp , tilkomst og parkering

Tomta er sikra rett til parkering, grøft for vass og avlaup samt tilkomst gjennom vedlagt erklæring om rett i fast eigedom.

VURDERING

Søkjjar har sendt inn forslag til grenser for tomta.



Grensene for eksisterande tomter i området har mindre avvik frå nabogrenser sett i reguleringsplanen. Grenser for omsøkt tomt må derfor tilpassast desse. Det må vurderast på oppmålingsforretninga om det er hensiktsmessig å la det stå att ei stripe mot nabetomt i sørvest. Tiltaket er etter rådmannen si vurdering i tråd med arealføremålet i reguleringsplanen.

Tomta får tilkomst på eksisterande sti og parkering på område avsett til parkering ved fylkesvegen/ kaien. Parkeringsplassen er ikkje opparbeidd. Opparbeiding av parkeringsplass er søknadspliktig og vil verta tema i framtidig byggjesak for fritidsbustad.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova §§ 8-12.

Vedtak:

Det vert gjeve løyve til deling av grunneigedomen gbnr 27/86 slik det er beskrive i søknad av 23.11.2017.

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i Plan og bygningslova § 20-1 d m og naturmangfaldslova §§ 8-12, samt matrikkellova § 33

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom det ikkje vert klaga på vedtaket vert saka sendt til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.1	Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan	1	3300

	Totalt gebyr å betala	3300
--	-----------------------	------

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Oppmåling - Teknisk forvaltning
Radøy kommune

Mottakere:

Gunnvor Soltveit

Bispenngaten 3 5018

BERGEN